



Soknepresten og konfirmantane i rollespelet i kveld

**Uskedalen har berre 6 konfirmantar i år og dei har nok å gjera. I kveld, på Maria Bodskapsdag, har dei vore med på ein av dei obligatoriske gudstenestane i kyrkja og tysdag frå klokka 17 skal dei tråle bygda under den årlege fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp.**

**Det er sokneprest Kristian Due som skal konfirmere dei 28. april. Rett nok sluttar han som prest i Kvinnherad og flyttar til Molde ein månad før, men kan kjem att i høve konfirmasjonen.**

**- Det tykkjer eg er rett, sa han til uskedalen.no i kveld. etterat han hadde leia ein tankevekkjande introduksjon til fasteaksjonen.**

**Maren Huse Bjørnebøle, Rebecca Hølleland Hauge, Johannes Haugland, Marius Seim Myklebust, Tord Sæle og Kjartan Elias Tungesvik er konfirmantane.**

Dei var med i eit enkelt rollespel leia av soknepresten og henta frå Kirkens Nødhjelp som illustrerte på ein slåande måte kor urettferdig verdiane er fordelt i verda,

Konfirmantane representerte aktørar som på ymse vis var involvert i arbeidet med å skaffa oss nordmenn kaffe frå Kenya. Kaffedyrkarane sit att med berre 3 prosent av inntektene og det er ikkje nok korkje til skule eller helsetenester og det er også i minste laget til mat.

Fattigdom i deler av verda handlar om global urettferdigheit, men situasjonen er ikkje håplaus. Saman kan vi skapa ei positiv endring, trur Due.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

